

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
051/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
055/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	20/2919

Justert førespurnad om busetting av flyktningar 2023

Vedlegg:

Justert oppmoding om busetting 2023 - Osterøy kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune seier nei til IMDI sin førespurnad om å auke busettinga i 2023 frå 60 til 70 personar.

Formannskapet - 051/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Osterøy kommune seier nei til IMDI sin førespurnad om å auke busettinga i 2023 frå 60 til 70 personar.

Heradsstyret - 055/23

HS - behandling:

Saka er trekt frå sakslista jf. § 10, tredje ledd i reglement for heradsstyret.

HS - vedtak:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Fredag 26. mai sendte Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet ut nye anmodningsbrev til norske kommunar. Osterøy kommune er bede om å busette 10 flyktningar i tillegg til dei 60 det er gjort vedtak om. Dette betyr at Osterøy kommune er bedt om å busette inntil 70 flyktningar i 2023.

Bakgrunn

Krigen i Ukraina har medført stort behov for busetting av flyktningar. Busettingsbehovet er auka frå

33 000 til 38 000 personar i 2023. Det er ingenting som tyder på at krigen tek slutt med det første. Når krigen tek slutt, er infrastrukturen så pass øydelagt at flyktningane i liten grad kan vende tilbake før ein del reparasjonsarbeid er utført. Osterøy kommune førebur seg difor på høge busettingstal dei neste åra.

Vurdering

Bustad

Det er gjort midlertidige endringar i Plan- og bygningslova for å handtere høge ankomstar av flyktningar frå Ukraina. Ein må nytte områder som er avsett til bygg og anlegg i ein arealplan, og det skal ikkje vere andre alternativ som har mindre ulemper dersom ein skal nytte unnataksbestemmelsane.

I 2022 og fram til no har ein nytta ein kombinasjon av eksisterande kommunale bustader og private utleieeiningar for å møte behovet. Dette er bueningar som framleis vil nyttast, og kommunen er positiv til privatpersonar som tek kontakt om dette. Samtidig bør ein sjå på andre mogelegheiter for å handtere høge busettingstal framover. Dette kan vere elementhus på kommunen sine tomter, eller samarbeid med profesjonelle private aktørar. Slike løysingar vil uansett ikkje stå klare før i 2024.

Ein bør vurdere om det er hensiktsmessig å sjå på kva mogelegheiter flyktningane har for å finansiere kjøp av bil tidlig etter busetting, dersom dei har gyldig setrifikat. For Osterøy kommune er det ein fordel at dei har bil, for det kan vere med på å sikre spredt busetnad og nå busettingsmålet. Informasjon om ein person har setrifikat, vart frå 1. mars ein del av dei nasjonale kartleggingane som vert gjort før busetting i ein kommune. Dette er difor nå praktisk mulig å få til. Det er nødvendig med grundige vurderingar kring løysingane som eventuelt blir valt, og det må difor utgreiast nøye.

Barnehage og skule

Tal barn som vert busett er mindre enn venta, både i 2022 og så langt i 2023.

Det har vore utfordringar med tilgang på barnehageplassar tidsnok slik at foreldra får oppstart i introduksjonsprogrammet slik dei har juridisk rett til. Osterøy kommune prøver i første omgang å løyse dette framover ved hjelp av vikarpoolen som barnehage er i ferd med å opprette.

Innføringstilbodet for barn i norsk er oppretta. Skuleåret 2022/2023 har tilbodet vore lokalisert ved Osterøy ungdomsskule. Frå og med august 2023 vert det flytta til Osterøy kulturskule, først samlokalisering og deretter samorganisering. Ein ynskjer å utnytte ressursane ved kultuskulen betre både med tanke på lokale og kapasitet, og det er gjort barnets beste vurderingar som konkluderer med at kulturskulen er ein meir eigna stad for barn og unge som kjem frå krig og konfliktområder enn Osterøy ungdomsskule har vore.

Helsestasjon, lege og psykisk helse

Frå og med 1. januar 2023 har helsestasjonen hatt ansvar for kartlegging og oppfølging av helserelevante spørsmål, i nært samarbeid med Osterøy integrerings- og læringsssenter og fastlegane. Erfaringane der i frå er gode, fordi ein har lukkast med eit godt samarbeid på tvers av einingar og avdelingar.

Tilgang på legetenester er ei utfordring. Vi får gjennomført første gang legeundersøking ved hjelp av helsestasjonslege, men fordi det ikkje er fastlege tilgjengelig, får ikkje alltid flyktningane svar på prøver eller vidare oppfølging.

Introduksjonsprogrammet og norskopplæring

Osterøy integrerings- og læringsssenter har gode søkartal til ledige prosjektstillingar og ei organisering i botn som gjer at dei har handtert den auka arbeidsmengda godt. Nå som FN og NATO begge

signaliserer at krigen er venta å vere langvarig, er det viktig å unngå høg turnover fordi stillingane er midlertidige. Ein ser difor på muligheten for å endre nokre av prosjektstillingane til faste stillingar. Huset på Hauge er fullt og alle rom, inkludert gymsal og scene, vert nytta til kvalifiseringstiltak. Dei midlertidige endringane i integreringslova gjer at ein har hatt behov for å auke arealkapasitet, men dette vert det gjort fortløpande vurderingar på.

Overgang til studiar og arbeid etter introduksjonsprogrammet

NAV Osterøy melder at den største hindringa for overgang til arbeid etter fullført introduksjonsprogram er at arbeidsmarknaden på Osterøy i liten grad har bruk for den kompetansen som Ukrainere har med seg frå heimlandet. I regionen finnes det arbeidsplassar, og når IMDI sender ut førespurnad om busetting, er det arbeidsmarkedet i regionen som er førande for kor mange ein vert spurt om busette. Lokalt vert difor utfordringa og bistå med at kvardagslogistikken går opp, spesielt for dei som har barn. Klarer ein å få på plass eit system som gjer at flyktingane raskare vil kunne kjøpe bil, vil ein mest truleg auke overgangen til arbeid.

Folkehelse

Ikkje vurdert.

Miljø

Ikkje vurdert

Økonomi

For kvar person vi buset over 60 personar i 2023, vil integreringstilskotet auke med 50 000. Dette er eit ekstraordinært tilskot for at kommunane skal bli stimulert til å auke busettingstakten. Kommunedirektøren vurderer at dette ekstra tilskotet ikkje hjelp på utfordringane vi har per i dag, det vil sei mangel på bustader og løysingar for å få til spreidd busetting. Ut over dette, er tilskota vi får tildelt per person som følgjer:

TILSKOT	BUSETTINGSÅR	SUM (I KRONER)
Integreringstilskot	År 1 (2023)	234 900 (einslege vaksne)
Integreringstilskot	År 1 (2023)	189 400 (vaksne)*
Integreringstilskot	År 1 (2023)	182 300 (einslege mindreårige)**
Integreringstilskot	År 1 (2023)	189 400 (barn)*
Integreringstilskot	År 2 (2022)	243 100
Integreringstilskot	År 3 (2021)	172 900
Integreringstilskot	År 4 (2020)	85 700
Integreringstilskot	År 5 (2019)	70 200
Barnehagetilskot	År 1 (2023)	27 100 (eingongstilskot)
Eldretilskot	År 1 (2023)	176 000 (eingongstilskot)

I budsjettet som er vedteke for 2023 må vi busette 40 for å nå budsjettmåla. Dette er realistisk å få til. Alle som arbeider med busetting og kvalifisering av flyktingar, veit at vi har eit politisk mål om å busette 60 personar, og vil strekke seg langt for å få dette til.

Konklusjon

Osterøy kommune takkar nei til IMDI sin justerte anmodning om å busette ytterligere 10 personar i 2023, men arbeider med løysingar for å kunne ha eit høgt busettingstal i 2024.